


# Daggry barnehage



Adresse: Øvregjerdet 18  
6050 VALDERØYA

Tlf: 70182497

E-post: [post@daggrybarnehage.no](mailto:post@daggrybarnehage.no)

Heimeside: [www.daggrybarnehage.no](http://www.daggrybarnehage.no)

Eigar: Sunnmøre Indremisjon  
Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

## Pedagogiske leiarar:

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong og Barbro Bakken (Måltrosten 3-6 år)
- Marthe Hjorth (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland (Spurven 1-2 år)

### Mob.nr. til avdelingane:

**LERKA:** 45973085  
**MÅLTROSTEN:** 45973238  
**LINERLA:** 45972646  
**SPURVEN:** 45972670



# Daggryposten

## Desember 2018

### ADVENTSTIDA I BARNEHAGEN



Denne månaden ynskjer vi at barna skal få lære om det kristne innhaldet, kulturen og tradisjoner rundt julefeiringa, og vi ynskjer ei atmosfære av ro, forventning og fellesskap i barnehagen denne tida.

På kvar avdeling samlar barn og voksne seg til dagleg adventsstund i adventskroken, der vi syng, les juleforteljingar, tenner lys, og opnar kalender. Ellers blir det laga julegåver, julepynt, vi baker, og vi øver på julespelet som skal visast fram på julefesten. Invitasjon til julefesten er vedlagt ☺ Det vert også barnehagegudsteneste og nissefest med nissegraut.

Sjå ellers vedlagt skriv om julemånaden og julebrev frå kvar avdeling.

### JULEFEST FOR BARN OG NÆRASTE FAMILIE

Mandag 10.des kl 17.30 er det barnehagens julefest, på Valderøy bedehus. Barna møter opp 17.15, for å få på seg kostymer til julespelet. Dei barna som går på småbarnsavdelingane ynskjer vi at dei har på seg kvit strømpbukse og kvit genser/skjorte. Barna får ta med seg 2 voksne og sysken på festen. Alle tek med eit bidrag til kakebordet. TAKK! ☺

### ROMJULA og OPPSTART ETTER NYTTÅR

I romjula er barnehagen stengt. Vi starter opp igjen onsd. 2.januar.

### BARNEHAGEGUDSTENESTE onsd. 12.des kl 12.15 i Vigra kyrkje

Gudsteneste denne dagen er for alle 8 barnehagane, og det er 2 gudstenester med 4 barnehager på kvar.

Vi køyrer med buss frå barnehagen kl 11.45. Dei som ikkje har barnehagedag, kan få kome direkte til kyrkja med foreldre, dersom det er ynskjeleg 😊

## STUDIEDAGER våren 2019

- Onsd. 3.april (denne har blitt endra frå 4.april)
- Fred. 31.mai



## NYE SATSER FORELDREBETALING

Frå 1.jan 2019 vert det ei lita auke i foreldrebetalinga, i samsvar med regulering av minstesatser frå regjeringa, som også Giske kommune har vedteke å bruke. Satsane skal vedtakast i kommunestyremøte i desember.

Kostpengane har vore uendra i fleire år no, derfor må vi auke desse også litt frå kr 350,- til kr 380,- pr mnd på full plass. 80% plass blir kr 300,- og 60% plass blir kr 230,- Etter nyttår vert satsane endra på avtalegiro, så de treng ikkje å gjere noko sjølve.

## Vedlegg til Daggryposten

- Mål og innhald adventstida og julesanger
- Julebrev frå avdelingane
- Invitasjon til julefesten

Vi ynskjer dykk alle ei riktig god og velsigna julehøgtid, og eit godt nytt år!



Julehelsing frå Kari-Lise og alle oss på Daggry